

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 10.05.2016

Det vert gjort redaksjonell endring i punkt 4: «Stipendkomitéane» vert endra til «Fagkomitéane».

**Beate Husa (KrF)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 4:  
Dette vil verte lagt fram for politisk behandling.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Husa sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. For å få tildelt stipend må ein vere profesjonell, utøvande kunstnar busett i Hordaland. Det vert ikkje gitt støtte til personar som er under utdanning.
2. Dei løyvde midlane for kunstnarstipend vert fordelt slik:  
5 reise- og/eller kompetansehevingstipend á 25 000 kroner  
2 arbeids- og fordjupingstipend á 50 000 kroner. Eit av desse arbeidsstipenda skal gå til kunstnar i etableringsfasen.
3. Det skal opprettast fagkomitéar i følgjande kategoriar:  
Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design)  
Musikk  
Scenekunst (inkl. dans)  
Litteratur og film

Anna/tverrkunstnarleg skal også vere ein kategori, og kandidatar som vel dette skal vurderast av minst to av dei mest aktuelle juryane.

4. Fagkomitéane vurderer og innstiller inntil 4 søkjarar på grunnlag av ei skjønsmessig vurdering av kunstnarleg aktivitet og kvalitet. Dette vil verte lagt fram for politisk behandling.
5. Det vert tilrådd å utnemne komitéar med medlemmar utnemnde frå følgjande organisasjonar / institusjonar:
  - Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design): Bildende kunstneres forening Hordaland (2 medlemmer), Norske kunsthåndverkere Vest-Norge, VISP, Kunst- og designhøgskolen i Bergen.
  - Musikk: Brak, Vestnorsk Jazzsenter, Griegakademiet, Bergen filharmoniske orkester, Hordaland fylkeskommune – seksjon for kunst- og kulturformidling
  - Scenekunst (inkl. dans): Proscen, BIT teatergarasjen, Vestlandske teatersenter, Høgskolen i Bergen – Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon.

Organisasjonane står fritt til å velje kven dei vil peike ut som sine representantar til komitéane. Det enkelte medlem kan sitje i komitéane for 2 år om gongen.